

## Besøk

Det er høve til å komme på besøk i avdelinga mellom kl. 16:00 og 20:00. Dersom det passar best til andre tider, legg vi til rette for det. Besøk går føre seg på eige rom. Det er fint om du på førehand melder frå til oss at du kjem på besøk.

## Barn som pårørande

Barn eller søsken under 18 år får tilbod om samtale. Det er for å ta i vare barnet sitt behov for tilpassa informasjon. Vi ynskjer òg å vite om dei har behov for støtte og hjelp.

Alle seksjonar har eigen barneansvarleg som legg til rette for besøk av barn. Det er difor viktig at ein melder frå på førehand når barn skal komme på besøk.

Du finn informasjon og lenker tilpassa barn på nettsidene våre.

## Tilbod til deg som pårørande

Å vere pårørande kan vere krevjande og det kan utfordre relasjonar.

Ulike pårørandeorganisasjonar og nettverk kan vere til nytte. Pårørandesenteret er ein nasjonal ressurs, sjå eventuelt nettsida deira:

**[www.parorendesenteret.no](http://www.parorendesenteret.no).**

## Meir informasjon

Gå til nettsida vår: **[www.helse-forde.no](http://www.helse-forde.no)**

Søk opp psykisk helsevern for å finne meir nyttig informasjon.

Din pårørandekontakt er: \_\_\_\_\_


Telefon sengepost: \_\_\_\_\_

Tilgjengeleg: \_\_\_\_\_

# Informasjon til deg som pårørende innan rus og psykiatri



*Praktisk informasjon om di rolle som pårørende,  
og kva samarbeid med deg inneber.*



# Å vere pårørande

Når nokon har psykiske liding/rusliding, kan familie og nettverk oppleve store belastningar. Nettverket til pasienten er ofte ein ressurs i behandlinga.

Samarbeid mellom pasient, pårørande og behandlar kan gje best resultat. Vi ynskjer eit samarbeid med deg som pårørande, for å gje best mogleg behandling til pasienten.

Som familie og pårørande er du gjerne pasienten sin viktigaste omsorgsperson, og den som kjenner pasienten best. Det er difor viktig at du får relevant informasjon og rettleiing. Samstundes er det viktig at du tek vare på deg sjølv og andre i familien.

## Samtykke til samarbeid med pårørande

Samtykker pasienten til samarbeid, ringjer vi hovudpårørande i løpet av første døgnet pasienten er innlagt. I samtalen ynskjer vi å høyre kva som er viktig for deg og invitere deg til ein samtale medan pasienten er innlagt.

Målet med samtalen er å høyre kva som er viktig for deg som pårørande, få innspel om pasienten sin situasjon og gje informasjon om oss.

## Når pasienten ikkje samtykker til samarbeid

Vi oppmodar pasienten til å inkludere pårørande i samarbeidet. Vil ikkje pasienten det, er vi avgrensa av teieplikta.

Er du som pårørande kjend med innlegginga, diagnose eller tilstand kan vi prate med deg om det. Vi kan ikkje gje ut opplysningar om pasienten, men snakke på generelt grunnlag. Det er ikkje brot på teieplikta å ta imot informasjon frå deg som pårørande. For å kunne nytte informasjon på ein god måte har vi behov for å journalføre den.

Dersom pasienten er lagt inn ved hjelp av tvangsvedtak, har næraste pårørande egne rettar. Ein har rett på informasjon om vedtaket, ein har høve til å komme med innspel til vedtaket og ein kan klage på vegne av pasienten. Om du har spørsmål eller treng hjelp, kan du ta dette opp med oss.

## Behandlingstilbod

Målet med behandlinga er å lindre/oppnå betring av sjukdom, helse og livskvalitet. Behandlingstilbodet og oppfølging etter utskriving vil bli tilpassa pasienten sine utfordringar og behov. Under planlegging av utskriving, og tida etter heimreise, er samarbeid med pårørande og nettverk viktig.

## Kompetanse

Dei tilsette ved sengeposten er sett saman av ulike faggrupper. Den som har det overordna ansvaret for pasientbehandlinga er overlege i psykiatri eller psykologspesialist.

## Pårørandekontakt

Første gong vi kontaktar deg får du informasjon om kven som er din påørandekontakt. Du kan ta kontakt med påørandekontakta om du har spørsmål eller informasjon til oss. Du er velkommen til å ta kontakt med oss sjølv om påørandekontakta ikkje er tilgjengeleg.

Pårørandekontakta erstattar ikkje samtalar med pasienten sin behandlar, men kan hjelpe deg med spørsmål og utfordringar som oppstår undervegs.

## Individuell plan og kriseplan

Alle pasientar som har behov for langvarige og koordinerte tenester har rett på tilbod om individuell plan.

Krise- og meistringsplan er eit verktøy for pasienten og nettverket deira. Planen vert laga i samråd med pasientar som ynskjer det. Den skal bidra til handtering av symptomaue.